

KOMMISJONSDIREKTIV 2006/55/EF

2009/EØS/69/22

av 12. juni 2006

om endring av vedlegg III til rådsdirektiv 66/402/EØF med omsyn til den høyeste vekta til parti med frø(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 66/402/EØF av 14. juni 1966 om
markedsføring av såkorn⁽¹⁾, særleg artikkel 21a, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Dei internasjonale reglane med omsyn til høgste vekt
for parti med frø frå visse artar av såkorn, særleg
Triticum aestivum, *Triticum durum*, *Triticum spelta*,
Secale cereale, *Triticosecale* og *Oryza sativa*, *Avena*
sativa og *Hordeum vulgare*, har nyleg vorte endra.
- 2) Den høgste vekta for parti med frø frå desse artane som
er fastsett i fellesskapsretten, bør tilpassast.
- 3) Direktiv 66/402/EØF bør difor endrast.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i
samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø
og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og
skogbruk —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I andre kolonna i tabellen i vedlegg III til direktiv 66/402/EØF
vert «25» bytt ut med «30».

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal innan 31. desember 2006 setje i kraft
dei lovene og forskriftene som er naudsynnte for å rette seg etter
dette direktivet. Dei skal straks sende over til Kommisjonen
teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell som viser
samanhengen mellom desse føresegnene og føresegnene i dette
direktivet.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal
dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til
direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset
korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei
internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som
dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde sjuande dagen etter at det er
kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferd i Brussel, 12. juni 2006.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 159 av 13.6.2006, s. 13,
er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 143/2006 av 8. desember
2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære
forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 15 av
29.3.2007, s. 7.

(¹) TEF 125 av 11.7.1966, s. 2309/66. Direktivet sist endra ved direktiv
2004/117/EF (TEU L 14 av 18.1.2005, s. 18).